

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalet 27.01.26
Stad: Museplass 1 «Styrerommet» kl. 9.00-12.00

I Innkalling og dagsorden

Christian Sæle (HF) møtte for Heming Gujord
Bjørn Henning Østenstad (JF) møtte for Magne Strandberg

Innkallinga og saklista blei godkjent.

II Protokoll frå møtet 10. desember 2025

Protokollen blei godkjent, med éi endring under møtet.

III Orienteringar frå utvalsleiar og administrasjon

Prorektor minna utvalet på det komande seminaret om KI i utdanninga, som blir arrangert av utdanningsutvalet og UiB AI i samarbeid, 27. mars.

Prorektor orienterte om det pågåande og avgrensa revisjonen av UiB sin strategi. Revisjonen har vist seg nødvendig i lys av nye teknologiar (som KI), av omsyn til ansvarleg internasjonalt samarbeid, og vil også ha forsterka punkt knytt til akademisk friheit og demokrati.

UiB står også framføre ein ny utviklingsavtale med departementet, kor arbeidet med kvalitet i utdanninga vil vere framståande.

Utvalet blei også gjort merksame på eit møte i U5-nettverket mellom studiedirektørane og prorektorane med ansvar for utdanning.

IV Presentasjon av UiB Atlas

Christen Soleim (SA) presenterte prosjektet UiB Atlas, som skal bidra til å effektivisere UiB sitt arbeid knytt til studentutveksling (inkludert innvekslande studentar). Hensikta er å innføre eit sakshandsamingsverktøy (Mobility online) som vil effektivisere sakshandsaminga vesentleg ved at ei rekke prosessar blir automatiserte. Løysinga vil dessutan integrerast mot UiB treet, slik at brukaropplevinga for studentane vil vere enklare, betre og meir profesjonell.

Sak 1/26 Kunstig intelligens i høgare utdanning

Prorektor innleidde om tilrådingane frå Malthe-Sørenssen utvalet, med fokus på dei som dreidde seg om eksamen (særleg om kontrollerbare og ikkje-kontrollerbare eksamenar i lys av KI-verktøy). Ho tok også opp tilrådingane om å vidareutvikle eksamensreglar og retningslinjer for forsvarleg bruk av KI i studia.

Utdanningsutvalet drøfta ei rekke sider ved tilrådingane, inkludert:

- Føremålet må vere god vurdering av studenten, ikkje å hindre ureglementert KI-bruk.
- Gode frårådingar om KI-deteksjon, overvaka heimeeksamen og KI-immune oppgåver.
- Saleksamen med open bok og tilgang nokre digitale kjelder kan vere ei god løysing
- Munnleg eksamen på store emne vil vere praktisk vanskeleg.
- Behov for kontrollert sertifisering: Ei rekke studieløp ved UiB fører til autorisasjon og/eller kontakt med sårbare grupper som pasientar og elevar.
- Nokre fagmiljø signaliserer at dei vil auke bruken av saleksamen og ha mindre heimeeksamen.
- Lovkravet om «forsvarlig» prøving gjer at fagmiljøa må reflektere om og grunngi bruken av ukontrollerbare eksamensformer.
- Opplæring i forsvarleg bruk av KI er viktig, særleg universitetsbiblioteket sitt arbeid.
- Det er fordelar med KI-støtte i vurdering, til dømes ved at ein kan erstatte multiple choice-eksamenar med kort- og langsvarsoppgåver.

- KI kan med fordel nyttast til tilbakemeldingar, inkludert om karaktergrunngiving.

Utdanningsutvalet understreka behovet for å følge dette opp, og for å samarbeide om moglege løysingar.

Sak 2/26 Insentiver for val av eksamensform

Prorektor innleidde saka med å peike på samanhengen med førre sak som i stor grad dreidde seg om eksamen og KI-verktøy. Ho understreka også at UiB sin kostnadsfordelingsmodell for saleksamenar må ha ein føremålstenleg insentivstruktur.

Utdanningsutvalet var generelt positive til å bruke undervisingslokale til eksamenar. Det drøfta også i kva grad UiB bør insentivere kortare saleksamenar, og om det skal vere lågare pris for fagmiljøa utanfor sesong.

Utvalet peika samstundes på at val av eksamensform og -lengd er eit fagleg spørsmål og at insentiva ikkje bør utformast slik at lange saleksamenar i praksis blir umoglege. Utvalet peika også på at korte saleksamenar kan vere dårleg eigna til å prøve læringsutbyte, til dømes fagleg refleksjon og modning.

Behovet for å tenke nytt om eksamen og vurdering blei trekt fram. Enkelte emneansvarlege kan kjenne seg åleine i vurderingar om eksamensform, og nyttigheita av erfaringsutveksling blei derfor understreka.

Utdanningsutvalet forventar at Studieavdelinga følger opp saka ved å

- Utforme ei oversikt over kostnadene med saleksamenar av forskjellige lengd, eventuelt også sesongjustert.
- I samarbeid med fakulteta greier ut moglegheita for bruk av undervisingslokale til eksamen, med nødvendige juridiske, økonomiske og praktiske avklaringar.

Sak 3/26 Studentrekruttering

Maren Bjotveit (KA) presenterte arbeidet med studentrekrutteringskampanjen for 2026, som snart skal ferdigstillas.

Bjotveit la også fram planane til open dag ved UiB og til eit arrangement for komande studentar («Hjelp, jeg skal bli student!»).

Utdanningsutvalet var positive til å bruke verdiane og særtrekka til UiB i kampanjen, men med merknad om at det kunne bli noko generisk. Utvalet drøfta kort korleis KA sin kampanje passar inn i meir fagspesifikk rekruttering. Det løfta i dessutan behovet for ein powerpoint-mal som inkluderer generell UiB-informasjon og som fagmiljøa kan tilpasse.

Sak 4/26 Studiebarometeret

Svein Jarle Nymark (SA) presenterte UiB-resultata frå Studiebarometeret. På institusjons- og fakultetsnivå viser ikkje studiebarometeret store endringar frå år til år. HK-dir har avgjort at studiebarometeret heretter skal kome annakvart år.

Fritekstkommentarane vil bli gjort tilgjengelege rundt månadsskiftet januar-februar.

Utdanningsutvalet reagerte på nokre av tala, med ønske om å få innsyn i spreinga i svara. Ei mogleg forklaring er at studentar som arbeidar mykje, og er tilsvarande lite på campus, i mindre grad svarer på studiebarometeret. Nymark informerte om at den som ønskte kunne få tilgang til dataa i STAR, med fleire moglegheiter for framstillinga.

Utvalet kommenterte også at enkelte av spørsmåla er formulerte på ein måte som gjer studentane til passive mottakarar, og at UiB bør gi tilbakemelding til HK-dir om dette.

Prorektor opplyste om at Jorunn Nylén er UiB sin representant i gruppe som HK-dir har oppretta for å spele i samanheng med at dei gjer ei re-design av undersøkinga.

Sak 5/26 Midlar til kvalitetsutvikling 2026 – 2029

Saka dreidde seg om endringar i utlysing og tildelingsprosess for UiBs midlar til kvalitetsutvikling (tidlegare «insentivmidlar»). Prorektor orienterte om saksnotatet og vidare prosess, og føremålet om å legge til rette for seinare ekstern finansiering.

Utvalet var einige i prinsippa som er utgangspunkt for utlysing og tildelingsprosess. Det understreka behovet for tilstrekkeleg tid til å utforme opplegg og skrive søknad. Informasjon om ordninga skal sendast ut til fakulteta innan kort tid.

Prorektor spela inn at det kan bli føremålstenleg å justere noko på tildelingsramma samanlikna med saksnotatet, mellom anna i lys av framtidig auke i løyvinga frå universitetsstyret til satsinga førsteårstudenten.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtar fullmakt til prorektor til å

1. vedta endeleg utlysing av Midlar til kvalitetsutvikling, innanfor rammene av saksnotatet og tilbakemeldingar under møtet.
2. fastsetje mandatet til vurderingskomiteén, innanfor rammene av saksnotatet og tilbakemeldingar under møtet
3. utnemne medlemene til vurderingskomiteén, innanfor dei rolleskildringane som er skildra i saksnotatet.

Sak 6/26 Oppnevning av medlemmer til den sentrale studiekvalitetskomiteén 2026-27

Saka gjaldt utnemning av medlemmer til den sentrale studiekvalitetskomiteén. Mellom utsendinga av saksdokumenta og møtet hadde Julie Riise (prodekan for utdanning, SV-fakultetet) meldt si interesse for vervet.

Prorektor foreslå derfor å endre vedtaket samanlikna med saksnotatet, der hennar fullmakt utgår og «én visedekan for utdanning (...)» blir erstatta av Riise.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtar denne samansetninga av studiekvalitetskomiteén:

Heming Gujord, visedekan for utdanning ved HF. Leder for komiteen (valgt for to år i 2025)
Julie Riise, prodekan for utdanning ved SV (ny – velges for to år)
Martha Houen Dahle, studiesjef ved MED (ny – velges for to år)
Kenan Dikilitas, professor ved Institutt for pedagogikk (velges for ett år)
To studentrepresentanter (oppnevnes av Studentparlamentet i mai/juni)
Sekretær for komiteen, Studieavdelingen

Ekstern fagfelle på område der det skal utarbeidast nytt studieprogram – blir oppnemnd etter søknadsfristen 31. august.